



Personvernerklæring for Flora kommune – grunnskule

Vi har fått ny personopplysingslov i 2018 etter EU si forordning (**GDPR**) som trådte i kraft 1. juli 2018.

BEHANDLINGSANSVARLEG

Flora kommune, ved rådmann, er behandlingsansvarleg for verksemda si behandling av personopplysningar og bestemmer formålet med å behandle personopplysingane. Det daglege ansvaret for oppgåvene er delegert. Det er berre oppgåvene som kan delegerast, ikkje ansvaret.

FØREMÅL OG BEHANDLINGSGRUNNLAG

Opplysningane som vert samla inn er nødvendige for at Flora kommune skal kunne tilby offentlege tenester og utføre lovpålagte oppgåver som er regulert i opplæringslova:

- å ta i vare opplæringa av elevane
- å legge til rette for tilpassa opplæring
- å planlegge undervisning
- å vurdere elevarbeid
- å rapportere på resultat, orden, åtferd og fråvær
- å kommunisere med elevar og føresette
- å ha naudsynt informasjon om utfordringar eleven har knytt til for eksempel diagnoser, vedtak og personlege tilhøve for å møte eleven sine behov.

FAGPROGRAM

Opplysningane som vert samla inn blir lagra i oppvekst sitt fagsystem.

Skuleadministrativt fagsystem er Tieto Education, som har ansvar for utvikling og vedlikehald av fagprogrammet. Det er eigen databehandlaravtale mellom Flora kommune og Tieto.

TRYGGLEIKSTILTAK

Det er sett i verk særlege tryggleikstiltak og rutinar for å beskytte personsensitive opplysningar. Tilsette si pålogging til fagsystemet må skje gjennom tilgangskontroll. For å komme inn i fagprogrammet må tilgangen godkjennast, og alle må underskrive eit eige it-klientskjema og tieplikterklæring. Tilgangen er styrt av tenestleg behov. Den som får



tilgang skal ha sikker id og blir registrert med namn, personnummer, telefonnummer og adresse. Politiattest vert kravd.

OM OPPLYSINGANE

Det vert lagra data både gjennom sakshandsaming og ved iverksetting av eventuelle tenester. Basisopplysingar som vert samla inn er namn, personnummer, adresse og kontaktinformasjon for føresette. Opplysingane kan komme frå elevane sjølv, føresette, andre offentlege instansar og relevante fagsystem. Opplysingane kan og verte gjevne til andre partar i kommunen i dei tilfelle der det er nødvendig å utveksle informasjon.

E-POST OG TELEFON

Skulen deler ikkje personsensitive opplysingar på e-post eller som tekstmelding, og ynskjer ikkje å ta i mot slik informasjon på e-post eller som tekstmelding. Dersom nokon sender informasjon på den måten kan vi ikkje svare tilbake på same måte.

ELEVUNDERSØKINGAR

Elevundersøkinga er ein del av det nasjonale kvalitetssystemet for grunnskulen. Det er obligatorisk for skular å organisere undersøkinga, det er frivillig for elevane å delta. Flora kommune nyttar Elevundersøkinga i arbeidet med læringsmiljø og kvalitetsutvikling. Elevar og føresette vert informerte om undersøkinga på førehand. Opplysingane vert handsama anonymt og vert ikkje knytt til enkeltelevar. Det statistiske resultatet av undersøkingane er offentleg tilgjengeleg.

Skulane brukar klasstrivsel.no som verktøy i arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø. Elevane loggar på med sikker pålogging, og svar er kun tilgjengeleg for kontaktlærar og skuleleiing.

STATISTIKK

Opplysingar frå fagsystema kan verte nytta til offentleg statistikk både kommunalt og nasjonalt.

PERSONVERNOMBOD

Flora kommune har [eit eige personvernombod](#). Ombodet skal bidra til at vi følgjer krava i regelverk og vere bindeledd mellom deg og kommunen dersom du treng hjelp knytt til personvernrettane dine.

Du kan kontakte personvernombodet på e-post: personvernombod@flora.kommune.no.



Flora kommune

Klage til Datatilsynet

Du kan klage til Datatilsynet viss du ikkje er nøgd med korleis vi handsamar personopplysingane dine, eller du meiner handsaminga er i strid med personvernreglane. Informasjon om korleis du går fram finn du på [nettsidene til Datatilsynet](#).

Kontaktopplysingar

Flora kommune er ansvarleg for handsaminga og kan kontaktast via

E-post: postmottak@flora.kommune.no

Telefon: 57 75 60 00

Postadresse: Markegata 51, 6905 Florø